



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Barn som vert utsett for omsorgssvikt  
Children exposed to neglect

Dina Ålsberg Nesse & Andrine Nornes

Barnehagelærer heiltid

Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Astrid Bakken HVL

Innleveringsdato: 25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

**Title:** Children exposed to neglect**Year:** 2023**Pages:** 40**Keywords:** Neglect, children, kindergarten teachers, skills development, observation, signs and signals.**Summary:**

**Background.** When looking at the number of children in a kindergarten, the pre-school teacher is in a good position to detect neglect. Nevertheless, it is not always detected, this leads us to the question; How does the kindergarten teacher work for the purpose of detecting impaired upbringing conditions?

**Purpose.** The purpose of this study is to describe what pre-school teachers think is the definition of neglect, and how kindergarten teachers work with observation and signals, as well as skills development, as a means to detect neglect.

**Method.** As method, a literature study is used so as to focus on the problem. It has been carried out with already existing data that has been found through data search engines, such as Oria.no.

**Empiric.** The study shows that the work of kindergarten teachers in detecting neglect can be summarized in these descriptive categories: a broad term, skills development, observation, sign and signal.

**Conclusion.** The findings that were shown through the theory and articles reveal that neglect is a broad and complex concept that can be difficult to define, and that the definition can be based on the subjective individual. Being able to know what neglect is, is the first step to being able to discover it, and is connected to the fact that the kindergarten teacher needs a certain degree of competence. The kindergarten teacher must be able to have expertise in observation and the signs and signals that children show as a means to be able to detect children who have weakened upbringing conditions. One can also see in the findings that the signs and signals are different from child to child. This means that even if the kindergarten teacher has competence, it can be difficult to detect neglect.

# INNHALD

<b>1.0 Innleiing</b> .....	5
1.1 Problemstilling og avgrensing.....	5
1.2 Omgrepsavklaring .....	6
<b>2.0 Teori</b> .....	6
2.1 Kva er omsorgssvikt? .....	7
2.1.2 Vanskjøtsel .....	7
2.1.3 Fysiske overgrep.....	8
2.1.4 Psykiske overgrep.....	8
2.1.5 Seksuelle overgrep.....	9
2.2. Kva teikn og signal kan ein sjå etter?.....	9
2.2.1 Det overdrive tilpassande barnet.....	10
2.2.2 Barnet som er fysisk utagerande.....	11
2.3 Barnehagelæraren si rolle.....	12
2.4 Tilknytning .....	12
2.4.1 Fire tilknytingsstilar.....	13
<b>3.0 Metode</b> .....	14
3.1 Kva er metode?.....	15
3.1.2 Litteraturstudie.....	15
3.1.3 Kjeldekritikk .....	16
3.1.4 Reliabilitet og validitet.....	16

3.1.5 Inklusjons – og eksklusjonskriteria.....	17
3.1.6 Etske refleksjonar .....	17
3.1.7 Litteratursøk .....	18
3.1.8 Korleis vi kom fram til kjeldene vi har brukt .....	19
3.1.9 Inkluderte studiar .....	20
<b>4.0 Empiri.....</b>	<b>22</b>
4.1 Presentasjon av funn .....	23
<b>5.0 Drøfting.....</b>	<b>28</b>
5.1 Konsekvensar .....	28
5.1.2 Kva er omsorgssvikt?.....	29
5.1.3 Oppveksterfaringar .....	30
5.1.4 «Magekjensla» .....	31
5.1.5 Kompetanse heving i barnehagen.....	32
5.1.6 Tilknytting.....	33
5.1.7 Teikn og signal.....	34
<b>6.0 Konklusjon .....</b>	<b>37</b>
<b>7.0 Litteraturliste.....</b>	<b>39</b>

## 1.0 Innleiing

Små barn oppheld seg store delar av sitt tidlege liv i barnehagen. Tal viser til at 93,4% av barn i Noreg går i barnehage (Statistisk sentralbyrå, 2023). Dette set barnehagelæraren i ein god posisjon til å oppdage barn som veks opp i sviktande oppvekstvilkår, men er det alltid slik at det vert oppdaga? Barnepsykolog Magne Raundalen skriv at for få barnehagelærarar melder frå om omsorgssvikt (Dommerud, 2013).

På bakgrunn av dette utsegnet vil vi finne meir ut av korleis barnehagelæraren arbeider for å oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt. Vi meiner at omsorgssvikt er eit tema som er reelt og naudsynt å setje fokus på. Temaet gjer oss personleg engasjerte da vi har sterke meiningar kring at alle barn skal få best mogleg utgangspunkt. Her spelar barnehagen ei viktig rolle da dei kan bidra til å skape ei trygg og god plattform for barn.

I eit samfunnsøkonomisk perspektiv ser ein at tidlege tiltak og førebygging kan vere avgjerande for økonomien i samfunnet. James Hackman har undersøkt kor mykje samfunnet får igjen for å investere i tiltak retta mot dei yngste barna (Drugli, 2017 s. 16). Funna viser at tidlege tiltak og førebygging i livet har best effekt og gir størst samfunnsøkonomisk gevinst. Med andre ord vil det seie at dersom ein oppdagar omsorgssvikt tidleg vil det gi stor verdi for samfunnet, og ikkje minst barn sine liv.

### 1.1 Problemstilling og avgrensing

Omgrepet omsorgssvikt er alvorleg både på individnivå og samfunnsnivå. Temaet er naudsynt å kunne mykje om når vi skal ut i arbeidslivet, der vi kjem til å bli ein av barna sine viktigaste omsorgspersonar. Målet vårt er å tileigne oss meir kunnskap om omsorgssvikt, slik at vi kan bli betre rusta og førebudde på å ivareta og hjelpe barn som veks opp i svekka oppvekstvilkår. På bakgrunn av dette har vi valt å skrive ein litteraturstudie med fokus på barnehagelæraren si rolle inn mot omsorgssvikt i barnehagen. Vi har dermed utarbeida følgjande problemstilling;

*«Korleis kan barnehagelæraren arbeide for å oppdage omsorgssvikt?»*

Grunna oppgåva si storleik og omfang har det vore naudsynt å gjere nokre avgrensingar. Vi nyttar omgrepet barnehagelærar, da *"Barnehagelærarar er den profesjonen som utdannast spesielt for å kunne ivareta barnehagens oppgåver"* (Kunnskapsdepartementet, 2017). Vi har valt å konsentrere

oss om småbarn opp til seks år, grunna viktigheita av å starte førebygging så tidleg som mogleg. Så når omgrepet «barn» vert nemnd i denne oppgåva, er det denne aldersgruppa som vert omtalt.

## 1.2 Omgrepsavklaring

Det er fleire viktige omgrep vi meiner er relevante å definere inn mot problemstillinga. Dette vert gjort for å gjere oppgåva meir ryddig og strukturert, samt som det gir ei breiare forståing for lesar. Det fyrste omgrepet som blir definert er omsorgssvikt.

**Omsorgssvikt:** Omsorgssvikt er eit samansett, mangefasettert og alltid smertefullt fenomen, som ein kan definere på mange ulike måtar. Omgrepet omsorgssvikt vil i denne studien bli nytta synonymt med det engelske omgrepet «maltreatment», og omfattar fysisk, seksuelt og psykologisk overgrep/mishandling/ vald og vanskjøtsel, i tråd med Folkehelseinstituttets forståing av omgrepet (Killén, 2015, s. 39). Ein nærmare utgreiing for omsorgssvikta sine ulike former vil komme seinare i teorikapittelet.

**Teikn og signal:** Teikn og signal i oppgåva vert referert frå Lilleberg og Mohn-Rieber (2018) som skriv at barn som vert utsett for omsorgssvikt kan gi frå seg ei rekke teikn og signal i ulik grad. Med teikn og signal meiner vi åtferda hjå barn som avviker med vår kultur sine normer, reglar og forventningar (Lilleberg og Rieber-Mohn, 2018, s. 18).

**Tilknytning:** Tilknytning kan definerast som «*kapasiteten til å etablere relasjonar til andre, og til å oppretthalde desse relasjonane på tvers av tid og avstand*» (Harrison, 2003, s.1 i Drugli et al., 2020, s.30). Tilknytning er det sterke kjenslemessige bandet som barnet etablera til sine næraste omsorgspersonar (Drugli, 2019, s.43). Tilknytning og ulike tilknytingsstilar er noko som vi kjem meir inn på seinare i teoridelen av oppgåva.

## 2.0 Teori

I oppgåva sin teoridel skal vi gjere greie for relevant teori og forskning for å svare på problemstillinga. Det vil i hovudsak verte satt søkjelys på teori innan omsorgssvikt, samt teikn og signal som vert vist

av barn utsett for omsorgssvikt. Deretter vert det presentert teori kring tilknytning, tilknytingsstilar og barnehagelæraren si rolle.

### *2.1 Kva er omsorgssvikt?*

Omsorgssvikt er allereie blitt definert som eit omgrep som inneheld fysisk, seksuelt og psykologisk overgrep og vanskjøtsel. Verdas helseorganisasjon (WHO) har og utarbeida ein definisjon av omgrepet omsorgssvikt. Vi meiner at denne definisjonen gir eit heilskapleg bilete av kva omsorgssvikt rommar: «Med omsorgssvikt forstår vi at foreldre eller dei som har omsorga for barnet påfører det fysisk eller psykisk skade eller forsømm det så alvorleg at barnets fysiske og/eller psykiske helse og utvikling er i fare.» (Kempe, 1979 i Killén, 2015, s.39).

Killén (2015) skriv at i litteraturen skil ein mellom fire former for omsorgssvikt: Vanskjøtsel, fysiske overgrep, psykiske overgrep og seksuelle overgrep (Killén, 2015, s.39). Det er naudsynt å framheva at kategoriane ikkje ekskludera kvarandre, da barn som vert utsett for omsorgssvikt ofte vert utsett for fleire av formane. Vi vil no utdjupe kva desse kategoriane utgjer.

#### *2.1.2 Vanskjøtsel*

Vanskjøtsel vert i den engelske faglitteraturen skildra som «neglect». Omsetjinga «neglect» har vorte brukt i Noreg, men omgrepet «vanskjøtsel» er meir dekkjande. Vanskjøtsel er mangel på fysisk og/eller psykisk omsorg. Det har vore vanleg å sett på vanskjøtsel som mangel på fysisk omsorg, men det kan også vere mangel på kognitive, emosjonelle eller sosiale behov. Det vil seie vaksne omsorgspersonar som ikkje engasjera seg kjenslemessig positivt i barnet, ved at dei ikkje er kjenslemessig tilstades (Killén, 2015, s.40). Ein skil ofte vanskjøtsel inn i to former. Enten handlar den om ernæringsmessig, fysisk, materiell, medisinsk og sosial vanskjøtsel, eller så kan den dekkast til ved hjelp av ein overdriven tilfredsstilling av ernæringsmessige, materielle eller sosiale behov (Killén, 2015, s.41).

Den ernæringsmessige, fysiske, materielle, medisinske og sosiale vanskjøtselen er godt kjent, den er også lettare å oppdage da ein kan sjå og lukte den. Medan forma der barnet får overdriven tilfredsstilling av ernæringsmessige, materielle eller sosiale behov er vanskelegare å oppdage og meir usynleg da barnet får mat og materielle gjenstandar i staden for kjærleik (Killén, 2015, s.41).

### 2.1.3 Fysiske overgrep

Fysiske overgrep er tilfeller der omsorgspersonar skadar barnet bevisst eller ved manglande tilsyn der barnet kan skade seg sjølv (Killén, 2015, s.44). Dei mest vanlege synlege teikna på påført fysisk skade er blåmerke eller brannsår. Blåmerka finst til dømes på rygg eller sete og kan vere merker etter gjenstandar og fingrar etter slag. På bein og armar etter klyp og blått auge etter slag. Brannsår er ofte sår etter sigarettar og kan verte påført ved bruk av til dømes varmeomn eller strykejern (Killén, 2015, s.44).

Dersom ein ikkje ser skadar som viser tydelege teikn på ei hand eller ein gjenstand, kan det vere vanskeleg å skilje mellom mishandling og blåmerke barn i småbarnsalderen får gjennom fysisk aktivitet og leik. Det ein derimot skal sjå etter for å vite om skadane er påført er plassering av skadane, barnets alder og forklaringa på korleis dei har oppstått (Killén, 2015, s.44).

Dei fysiske skadane barn som vert utsett for fysiske overgrep får, er lettare å oppdaga og vekkjar ofte merksemda til dei vaksne. Medan dei psykiske skadane som barnet sin smerte, angst og fortviling ser ein ikkje alltid like lett. Barn kan og oppleve vald gjennom å sjå og/eller høyre at omsorgspersonen blir slått. Barnet kan møte konsekvensen av valden gjennom knuste møblar eller andre skadar og/eller psykiske reaksjonar som omsorgspersonen kan få gjennom valden. Vald i nære relasjonar påverkar barn sine oppvekstvilkår, ikkje berre grunna dei skadelege verknadane og valden i seg sjølv, men fordi valden kan påverka omsorgspersonen sin moglegheit til å gi tilstrekkeleg omsorg til barnet (Killén, 2015, s.44).

### 2.1.4 Psykiske overgrep

Psykiske overgrep er den forma for omsorgssvikt som er vanskelegast å definere. Verdas helseorganisasjon (WHO) definera psykisk vald slik: «Psykologisk vald frå føresette skildrar omsorgsgivar si åtferd som formidlar til barnet at han eller ho er verdiløs, mangelfull, uelska, i fare eller kun verdifull i den grad at ho eller han oppfyller andre sine behov» (Killén, 2015, s.48).

Det kan forklarast som ein vedvarande haldning eller handling av omsorgsgivar som øydelegg for eller hemmar utviklinga av eit positivt sjølvbilete hjå barnet. Her lever barnet med konstant bekymring for om omsorgspersonen vil være i stand til å ta vare på og beskytte barnet og seg sjølv.

Det handlar om ein dimensjon av bekymringar og frykt (Killen, 2017, s.69).

Psykiske overgrep er eit vedvarande, kronisk åtferdsmønster ovanfor barnet, dette vert eit dominerande trekk i barnet sitt liv. Dei påførte skadane er ikkje synlege. Såra er innvendige, men kan vere meir øydeleggjande enn nokon anna form for overgrep. Teikn på påført psykisk smerte og skade kan utvikle seg etter kvart, og vere meir eller mindre openbare for omgjevnadane (Killén, 2015, s.49).

Barn som vert utsett for psykiske overgrep vert tileigna negative eigenskapar, utsett for fiendtleg kommunikasjon og avvising eller ulike former for nedvurdering, utskjelling og undertrykking. Barna vert ignorert, avvist, tileigna skuld og håna (Killén, 2017, s.70).

### *2.1.5 Seksuelle overgrep*

Barn som vert utsett for seksuelle overgrep er barn som av vaksne omsorgspersonar engasjerast i seksuelle aktivitetar som dei verken emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig er modne for. Barna er heller ikkje i stand til å forstå og ane rekkevidda av desse aktivitetane. Dei er heller ikkje i stand til å gi eit informert samtykke til å delta i dei (Killén, 2015, s.61). Seksuelle overgrep mot barn er alle handlingar som tydeleg krenka deira seksuelle integritet, og er upassande seksuell kontakt (Kvelling, 2016, s.275). Dei seksuelle aktivitetane omfattar eit vidt spekter av aktivitetar, frå å sjå på pornoblad og film saman, sjå på den vaksne som onanerer, leike med seksuelle leiker, til berøring og masturbasjon og oralt, analt og genitalt samleie (Killén, 2015, s.61).

Overgrepa er og psykisk valdelege i den forstand at barnet tidleg blir tillagt skuld og ansvar av overgrepspersonen, og fordi barnet teier ved hjelp av muting eller trugsmål (Killén, 2017, s.81). Barn som vert utsett for seksuelt misbruk kan erfare eit stort spekter av kjenslemessige og åtferdsmessige reaksjonar.

### *2.2. Kva teikn og signal kan ein sjå etter?*

Barnehagelæraren må vere spesielt observant på teikn og signal på at barn ikkje har det godt. Det er barnehagelæraren sitt ansvar å sørge for at barn får den hjelpa dei treng (Sjøvik, 2020, s.225).

Ettersom barna i barnehagen er små og tilpassingsdyktige, kan symptoma på ugunstige omsorgssituasjonar vere svake og derfor vanskelege å identifisere. Det tar tid å bli skada og enda lenger tid før skadane eller symptoma blir klart synlege. Dess mindre barna er, desto vanskelegare er

det å sjå indikasjonar på uheldig utvikling, mistilpassing eller dårlege omsorgsforhold (Claussen, 2010, s.17). Omsorgssvikt kan nemleg dekkast til av både omsorgspersonar og barn. Uansett kor dårleg barna har det prøver dei ofte å skjule det for seg sjølve og omverda. Dei er dessutan overraskande lojale ovanfor nettopp omsorgspersonane som har svikta dei. Dei opplev ansvar for omsorgspersonane og føler ofte skuld for den omsorgssvikta som dei sjølv er utsett for (Killén, 2008, s.458)

Sjølv om mange barn prøver å skjule korleis dei har det på heimebane, ligg det ofte konkrete mistankar i botn når det oppstår ein bekymring. Kanskje ikkje ein alltid heilt veit kvifor bekymringa oppstår, men at det likevel i fleire tilfelle er mogleg å plukke ut trekk ved dei ytre faktorane rundt barnet, som i samla sett ligg til grunn for bekymringa. Ein negativ endring i åtferda hos barnet utan at det ligg noko naturleg forklaring i grunn, kan vere ein indikator på at eit barn vert utsett for omsorgssvikt. Barnehagelæraren vil kunne registrere ein brå vending ved barnet, frå å vere oppvakt, oppmerksam og deltakande, til å bli tilbaketrekt og inneslutta, eller motsett. Slike signal kan vere viktige signal frå barn til dei vaksne om at dei ikkje har det bra (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.21).

Barn sitt meistringsbehov kan komme sterkt til syne i familiar som opplever omsorgssvikt. Mange strevar etter å vere uavhengige. Barn med gode ressursar som opplev vanskjøtsel, kan for eksempel vere "tidleg ute" med å klare seg sjølv. Dei kan gå tidleg, kle seg tidleg og klare å finne mat sjølv frå dei er ganske små, noko dei må for å overleve (Killén, 2008, s.458-459). Gray og Kempe (1976) har nemleg undersøkt barn som har vert utsett for vanskjøtsel og/eller fysiske overgrep, her fann dei ut at desse barna hadde to overlevingsstrategiar: den "overdrive tilpassande" og den "utagerande" (Killén, 2008, s.459).

### 2.2.1 Det overdrive tilpassande barnet

Det overdrive tilpassande barnet oppfører seg på måtar der barnet forsøk å leve opp til dei vaksne sine krav og forventningar. Dei observera den vaksne sin haldning og humør, og forsøker å oppføre seg slik at dei unngår å utløyse den vaksne sitt "sinne" eller andre skremmande reaksjonar. Omsorgspersonane kan være uforutsigbare, til dømes kan ein god situasjon under sekund endre seg til aggresjon, audmjukande og truande ytringar og fysiske overgrep (Killén, 2008, s.460). På bakgrunn av dette er barnet ofte avventande i kontakt med sine omsorgspersonar. Det kan til dømes sjå ut som om barnet sjekkar korleis sinnsstemninga er når dei vert henta. Det er ofte lite fysisk kontakt, glede og blikk-kontakt mellom omsorgspersonane og barnet (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.21).

Mange barn med overdriven tilpassingsstrategi visar ofte til ein åtferd og ferdigheiter som ligg langt over det funksjonsnivået som er venta frå deira alder.

Gray og Kempe (1976) har valt å kategorisere denne gruppa i tre nye undergrupper. I den første undergruppa finn vi barn som ofte vert referert til som “einera”, dei som presterer godt og er aktive. I den andre gruppa tek ofte barnet på seg omsorgsgivarrolla. Medan i den tredje gruppa finn vi barna som er passive, ofte tilbaketrekte og på vakt i ekstremisitasjonar (Killén, 2008, s.460). Desse barna vert ofte oppfatta og beskrivne som stille og sjenerte, og som aldri krev noko ekstra frå barnehagelæraren. Barnet som ofte vert gløymt fordi dei greier seg på eigenhand, og som alltid gjer som det får beskjed om (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19).

### *2.2.2 Barnet som er fysisk utagerande*

Fysisk utagerande åtferd hjå barn er lettare å få auge på. Dette barnet er prega av sterk uro, destruktivitet og aggresjon (Killén, 2008, s.461). Barnet slår, bit eller klorar andre barn og vaksne (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19). Dette fører barnet ofte inn i situasjonar der det øydelegg leiken for andre, øydelegg andre sine eigendelar, forstyrr og skapar uro (Killén, 2008, s.461). Barnet greier ofte ikkje å delta i fellesaktivitetar, og greier ikkje å sitte roleg over tid og under måltid. Dette forsterkar barnet sin negative åtferd, forstyrr barnegruppa og blir ein stor utfordring og frustrasjon for dei vaksne. Desse barna vert og ofte avvist av jamn aldrande (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19). Ved at barnet stadig vert avvist fører til at det opplev ytterlegare avvising og enda ein stadfesting på at det ikkje er verdt noko. Avvisinga kan bli ein sentral faktor i å vedlikehalde og forsterke den “onde sirkelen” og påverke barnet sin utvikling negativt. Barnet vil lett få ein “syndebukkrolle” (Killén, 2008, s.461). Dette barnet kan ha eit stort behov for vaksenkontakt, samstundes som det har større vanskar med å regulere denne kontakten enn andre barn (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19).

Lilleberg & Rieber-Mohn (2018) ramsar opp fleire teikn som kan gi grunn til bekymring, eit anna døme på dette kan vere klamrete barn. Dette er dei som konstant heng på vaksne, og som er vanskeleg å sosialisere inn i barnegruppa og krev veldig mykje vaksenkontakt (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19). Samt viser Lilleberg & Rieber-Mohn (2018) til at barn med sein språkutvikling og lærevanskar kan sjåast i samband med barn som vert utsett for omsorgssvikt. Barnet ligg tydeleg etter andre når det gjeld språk, samstundes ser det ut til at desse barna lærer seinare. Dei klarar ikkje å følgje med i leiken fordi dei ikkje forstår leikekodane, og har problem med å gjere seg forstått av

jamn aldrande. Dei manglar ofte ein sosial kompetanse som er vanleg for alderen (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.19-20).

### 2.3 Barnehagelæraren si rolle

Killén (2008) skriv at vi i dag veit at barn som best overlev omsorgssviktsituasjonar, er dei barna som har ein tilknytning utanfor familien, og som får hjelp til å omarbeide si oppleving av omsorgssviktsituasjonen medan dei finn seg i den og ikkje fleire år etterpå. Her har barnehagelæraren ein viktig funksjon (Killén, 2008, s.467-468). Likevel presisera Lilleberg og Rieber-Mohn (2018) at det er naudsynt at ein som barnehagelærer skal vere forsiktig med å sjå etter bevis, men at ein heller skal observere barna sin åtferd, samhandling og forklaringar (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.21). For barnehagelæraren sine daglege observasjonar av barn i leike- og læringssituasjonar kan vere vesentleg for å avdekke omsorgssvikt. Naudsynt blant desse observasjonane er korleis barnet forhold seg til andre barn, pedagogane og andre vaksne og korleis barnet tek initiativ og korleis det opplev omverda (Killén, 2008, s.468). For sjølv om ein ikkje skal leite etter bevis, er det like naudsynt at ein ikkje skal sjå etter naturlege forklaringar på bekymringsfull åtferd i så stor grad at ein let ver å bli bekymra (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.21).

### 2.4 Tilknytning

John Bowlby (1907-1990) var grunnleggjaren av omgrepet *tilknytningsteori*. Tilknytning handlar om korleis barn tidleg i utviklinga dannar relasjonar og koplar kjensler til andre på ein måte som er felles for alle menneskjer. Barn gjer dette uansett korleis dei blir behandla (Killén, 2017, s. 15). Barna er predisponert til å gå i samspel og etablere tilknytning og bruke tilknytingspersonen som ein trygg base som dei kan utforske frå, og søke tilflukt av når dei føler seg trua og har behov for trøyst og nærleik (Bowlby, 2008 i Killén, 2017, s.15).

Gjennom tilknytingsprosessen vil barnet utvikle ein grunnleggjande tillit eller mistillit til omgjevnadane. Tilknytning er avgjerande for korleis barnet seinare vil oppleva og forstå verda rundt seg (Killén, 2017, s.15). Det er i samspel med barnets vaksne omsorgspersonar barnet opplev seg sjølv.

### 2.4.1 Fire tilknytingsstilar

Marry Ainsworth (1913-1999) er ein amerikansk utviklingspsykolog som har gjort funn på fire tilknytingsmønster B, A, C og D.

#### **Trygg tilknytingsstil (B):**

Killén (2017) og Kvello (2008) skriv at barn med *trygg tilknytning* har opplevd kjenslemessige forutsigbare og tilgjengelege omsorgspersonar som har vore i stand til å forstå deira signal, leve seg inn i deira opplevingar, respondera og engasjera seg i dei med glede. Desse barna opplev vanlegvis menneskjer som er forutsigbare, som har gode intensjonar, er snille, akseptierende og pålitelege. Barn i denne tilknytingsstilen balansera godt mellom nærleik og avstand og mellom tilhøyrse i eit sosial fellesskap og det å vere sjølvstendig (Killén, 2017 s.38) (Kvello, 2008, s.198).

Det vil seie at barna i barnehagen med trygg tilknytning vil gjerne vere med i leik og er vanlegvis opne og positivt i kontakt med andre menneskjer utan at dei er ukritiske og utlevera seg for mykje. Trygg tilknytning kan bli forstått som ei vaksine mot seinare belastningar (Killén, 2017, s.38). Barn som har trygg tilknytning til ein vaksen, treng ikkje ha fokus på den vaksne sine behov eller dagsform. Den vaksne står fram som sterk og trygg, der barnet kan ta ut alle sine kjensler og behov (Drugli, 2019, s.46).

#### **Utrygg unnvikande (A):**

Barn som har ein *utrygg unnvikande* tilknytingsstil viser minimal fortvilning når omsorgsperson reiser, i staden for flyttar dei merksemde vekk frå omsorgspersonen og konsentrera seg om andre ting. Barnet vel å oversjå eller unngå den vaksne når den kjem attende. Frå eit utanfrå perspektiv kan det sjå ut som barnet er trygt og sjølvstendig og ein kan tru at barnet ikkje har behov for å vere tilknytt eller at tilknytninga ikkje er like sterk (Kvello, 2008, s.199). Det barnet eigentleg gjer er å undertrykke tilknytingsåtferda, det vil seie at barnet ikkje viser sine kjensler (Killén, 2017, s.39).

Utrygg unnvikande tilknytning inneheld i hovudsak at barnet ikkje viser at det er behov for omsorgspersonen som trygg base. Dette er nettopp fordi, barnet har erfart at omsorgspersonen ikkje

greier å imøtekomme barnet sitt behov for nærleik og trøyst, og barnet begynnar å oppføre seg som det ikkje har behov for dette. Dei er ikkje vande med å få trøyst når dei treng det (Drugli, 2019, s.46).

### **Utrygg, ambivalent (C):**

*Utrygg ambivalent tilknytning* utviklar seg dersom omsorgspersonen er svært uforutsigbar i samspelet med barnet. Døme på dette er vaksne som i nokre tilfelle er tilgjengelege for barnet, medan ved andre anledningar viser dei mangelfull interesse. Det vert dermed ikkje mogleg for barnet å vite kva det kan forvente frå omsorgspersonen si side, fordi same åtferd eller uttrykk hos barnet vil føre til ulike reaksjonar frå gong til gong. Barn med ambivalent tilknytning får liten tillit til sin eiga moglegheit til å påverke samspelet og situasjonen. Dei kan enten bli veldig passive og oppgitte, eller sutrete og klengete i håp om at det kan krevje og holde på nærleik og merksemd frå omsorgspersonen si side (Broberg, Hagström, og Broberg, 2014 i Drugli, 2019, s.47). Desse barna har ei åtferd som er prega av lite utforskande leik (Kvello, 2008, s.198).

### **Den desorganiserte (D):**

Den mest alvorlege forma for utrygg tilknytning er den *desorganiserte tilknytningen* (D). Åtferda verkar som at den er utan retning eller hensikt. Barnet utfyller ufullstendige rørsler, kan stivne til i augneblink, verkar forvirra eller viser frykt for sin omsorgsperson (Kvello, 2017, s.198). Denne tilknytingsstilen er prega av eit desorganisert mønster, dette vil seie mangel på eller tap av ein konsekvent eller organisert strategi for å dekke sitt behov for tryggleik i stressande situasjonar (Killén, 2017, s.40). Barnet viser usikkerheit med omsyn til korleis tilknytningsspersonen vil reagere. Dei som har ein desorganisert tilknytingsstil oppfører seg på sjølvmotseiande måtar. Ved separasjon og sameining viser barnet eit vidt spekter av åtferd som ikkje heng saman i eit mønster. Dette er barn som har erfart kor naudsynt det er å ikkje provosere fram overgrep frå omsorgsperson (Killén, 2017, s.40).

## **3.0 Metode**

I dette kapittelet skal vi gjere greie for kva metode som er brukt for å innhente informasjon til å svare på problemstillinga. I denne delen av oppgåva vil vi seie noko om litteraturstudie som metode,

validitet og reliabilitet, metodekritikk, kjeldekritikk, etiske vurderingar, samt inklusjons- og eksklusjonskriteria.

### 3.1 *Kva er metode?*

«Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og kome fram til ny kunnskap» (Vilhelm Aubert, 1985, s.196i Dalland, 2020, s.53). Derfor når ein skal gjennomføre eit forskingsprosjekt, må ein nytte ein form for metode. Metoden fortel oss noko om korleis vi burde gå til verks for å finne eller etterprøve kunnskap. Vi treng ulike metodar både til å få fram ny kunnskap og til å etterprøve i korleis grad påstandar er sanne, gyldige eller haldbare (Dalland, 2020 s.53).

Metoden i oppgåva er reiskapen i møte med noko ein vil undersøkje. Ein får ny kunnskap innanfor temaet ein forskar på. Metoden hjelp til med å samle inn data, det vil seie den informasjonen ein treng til undersøkinga (Dalland, 2020, s.54). Uansett korleis metode ein tek i bruk må kjeldene og data opplysningane ein innhentar vere relevante for problemstillinga i undersøkinga.

#### 3.1.2 *Litteraturstudie*

I denne bacheloroppgåva har vi valt å nytte litteraturstudie som metode. Vi meiner at akkurat denne metoden eignar seg best til å setje lys på problemstillinga på best mogleg måte (Dalland, 2020, s.53). I oppgåva ynskjer vi å undersøkje korleis barnehagelæraren kan arbeide for å oppdage omsorgssvikt i barnehagen? Grunna ein del eksisterande forskning på dette temaet vart valet vårt for metode enklare.

Litteraturstudie som metode, tek for seg data frå gjeldande fagkunnskap, forskning og teori. Materialet i oppgåva er allereie eksisterande data som vi har funne gjennom å søkje i ulike databasar (Dalland, 2020, s.199). Litteraturstudie som metode gir oss moglegheit til å ta utgangspunkt i tidlegare forskning som er gjort på tematikken. Denne forskinga er gjennomført grundigare og breidare enn det vi sjølv hadde hatt moglegheit til, med grunngjeving av avgrensa tid og ressursar.

### 3.1.3 Kjeldekritikk

«Kunnskap om korleis kunnskap vert til, er nødvendig for å finne ut kva som kan reknast som sikre kjelder» (Dalland, 2020, s.41). I metoden litteraturstudie handlar det om å vere kjeldekritisk i søkjesprosessen. Kjeldekritikk betyr, ifølgje Dalland (2020)

*«.. å vurdere og å karakterisere den litteraturen du har nytta. I tillegg må ein også kunne gjere reie for korleis kriteria ein har nytta under utvalet. Formålet er at lesaren skal ta del i dei refleksjonane du har gjort deg om korleis relevans og gyldigheit litteraturen har når det gjeld å setje lys på problemstillinga».* (Dalland, 2020, s.152).

Grunnlaget for å utøve kjeldekritikk er kunnskap - ein må kunne det ein skal skrive om.

### 3.1.4 Reliabilitet og validitet

Det er viktig å vere medviten på val av kjelder, da dette har mykje å seie for oppgåva si truverdigheit. Kjeldene ein vel skal både ha relevans for problemstillinga, dei må også vere pålitelege (Dalland, 2020, s.152). Pålitelegheit eller reliabilitet er eit kriterium for kvalitet i forskning og handlar om kor vidt arbeidet ein har presentert, er til å stole på. Ved å gjere greie for korleis ein har samla inn data til undersøkinga, samt korleis feilkjelder som kan ha påverka resultatet, gir ein lesaren moglegheit til å vurdere pålitelegheita av arbeidet som er gjort (Dalland, 2020, s.58).

Om ei kjelde er av kvalitet, handlar det om korleis type kjelde det er, kor gyldig den er og korleis haldbarheit den har (Dalland, 2020, s.153). Dette dreier seg om noko som vert kalla *validitet*. Validitet står for relevans og gyldigheit. Det som vert målt må ha relevans og vere gyldig for problemstillinga (Dalland, 2020, s.43). Litteraturen sin gyldigheit går på kor gjeldande den framleis er per dags dato, og om den framleis støttar opp bakgrunnen til problemstillinga.

Noko som kan vere ein svakheit ved kjelder er dersom dei er gamle. Dermed kan det vere nødvendig å seie noko om kor vidt litteraturen er tilstrekkelege oppdatert (Dalland, 2020, s.152). Det tydar at det kan ha komme ny forskning med nye funn, samanlikna med den tidlegare forskinga. På bakgrunn av dette har vi forsøkt å bruke nyare litteratur, da dei fleste av kjeldene er frå 2013 og fram til i dag. Likevel har vi nytta oss av noko eldre litteratur enn dette, da vi opplev desse som framleis tidsaktuelle.

For oss var det viktig at litteraturen vi har valt framleis var haldbar, og at kvaliteten bak kunnskapen framleis er bevart. Vi ser på kjeldene som er brukt i oppgåva som relevante og pålitelege. Dei er skreve av fagpersonar som har god kunnskap og erfaringar innanfor feltet. Vi har óg vore kjeldekritiske gjennom å vurdere i korleis grad litteraturen vi har funne lar seg bruke til å beskrive og utdjupe svaret på problemstillinga vår (Dalland, 2020, s.152).

### *3.1.5 Inklusjons – og eksklusjonskriteria*

Under arbeidet med litteraturstudie skulle vi finne relevante forskingsartiklar for vår valte problemstilling. Dette gjorde vi ved å bruke eit strukturert litteratursøk. Systematisk søking vert ofte nytta i dei tilfella der ein ynskjer å komme fram til eit konkret svar, så spesifikt så mogleg (Rienecker & Stray, 2013, s.120). Ved eit strukturert litteratursøk må ein ha nokre inklusjons- og eksklusjonskriteria. Dette valte vi å gjere sidan internett i dag gir oss mengder med litteratur nesten utan noko avgrensing. Risikoen med dette er å innhente alt for mykje og irrelevant informasjon knytt til problemstillinga. Dermed, med problemstillinga som grunnlag, har vi utarbeida nokre kriteria for å avgrense søkinga (Dalland, 2020, s.148). Ved alle søk i databasane vert «avansert søk» brukt. Alle artiklane vi nytta oss av i oppgåva er også artiklar som er fagfelleverdert.

Oppgåva vår tek utgangspunkt i det norske samfunnet og den norske barnehagen. Derfor under søkjeprosessen ville vi i hovudsak søkje etter norske artiklar da vi i størst mogleg grad vil unngå å feiltolke noko. Dette såg vi ikkje lot seg gjere, sidan det var få relevante artiklar. Dermed vel vi å sjå på noko internasjonal forskning og litteratur der vi vurderer innhaldet og om det kan førast over til det norske samfunnet og systemet, for å kunne setje lys på problemstillinga betre. Dette resulterte i eit mykje større omfang av artiklar som kunne gi svar på problemstillinga. Våre kriteria i utvalet av artiklar har basert seg på kor vidt dei svarar på problemstillinga, om dei er relevant for temaet og korleis fagnivå dei innehar. Under søkjeprosessen vart ein del forskning ekskludert. Vi gjekk gjennom funna og avgjorde kva funn som bidrog til å svare på vår problemstilling. Vi såg på fleire artiklar som tittelen tilsa at forskinga ikkje ville vere relevant for det vi ville ha svar på. Eksempel på dette er forskning som ikkje inneheldt omsorgssvikt og barnehagelæraren si rolle, og dei som ikkje ga relevans for problemstillinga.

### *3.1.6 Etiske refleksjonar*

Dette er ei empirisk oppgåve med allereie publiserte artiklar og tilgjengeleg forskning. Studiane er fagfelleverderte, gjennomført og godkjente ved anerkjente forsking- og utdanningsinstitusjonar som

gjør at det etiske aspekta ved informasjonsinnhenting og personvern er ivarettatt. Ved val av litteraturstudie med vår problemstilling er det viktig at vi hugsar på at det er ei sårbar gruppe oppgåva handlar om og at vi dermed må behandle gruppa med respekt og vere bevisste våre haldningar og tankar.

Forskning skal kunne verte etterprøvd, det vil seie at det skal vere mogleg å etterprøve ein annan forskar sine resultat i eit gitt materiale. Gjennom metodekapittelet har vi dermed prøv å formidle korleis vi har jobba slik at andre kan etterprøve vår forskning. Ettersom vi bruker materiale frå andre forskarar vil det vere viktig med respekt for forskarane til dei artikkelane vi har valt. Samt ikkje tileigne tekstane ein anna meining enn det forskarane sjølv i utgangspunktet meinte.

### 3.1.7 Litteratursøk

Under prosessen ved å finne tilgjengelege ressursar til oppgåva fekk vi hjelp av bibliotekar med rettleiing og hjelp til å finne relevante søkjeord og databasar. For å kunne gi eit svar på problemstillinga måtte vi søkje etter forskning på området og i faglitteratur (Dalland, 2020, s.213). Vi gjennomførte ein søkjeoppgåve for å finne kjelder som var relevante for oppgåva. I starten var søka opne for å finne mest mogleg, men etter kvart som vi tileigna oss teori vart søkjeområdet meir og meir snevra inn og meir systematisk. Dette på bakgrunn av at vi ynskjer å finne litteratur som er meir direkte i forhold til det vi ynskjer å setje eit søkjelys mot.

Sidan vi har valt litteraturstudie som vår metode har vi brukt ulike søkjemotora for å finne forskingsartiklar og andre relevante kjelder for å belyse vår problemstilling. Søkjemotorar vi har nytta oss av i søkjeoppgåva er søkjemotora med tilgang via biblioteket til Høgskulen på Vestlandet som til døme ORIA, IDUNN og Google Scholar.

*ORIA* er ein database der ein kan søkje i biblioteket sine trykte og elektroniske samlingar, som for eksempel; Bøker, artiklar, tidsskrift, masteroppgåver, doktoravhandlingar og meir. *IDUNN* er universitetsforlaget sin digitale publiseringsplattform for akademiske og forskningstidsskrifter. Nye artiklar, utgåver og tidsskrift vert jamleg lagt til nettstaden. Medan *Google Scholar* er ein database som søker i mange akademiske tidsskriftsbasar samstundes. Under søkjeoppgåva vart alle dei ulike databasane nytta til å leite etter relevante artiklar. Likevel vart kun artiklar frå *Oria* valt til empiridelen.

### 3.1.8 Korleis vi kom fram til kjeldene vi har brukt

For å kome fram til kjeldene utvikla vi søkjeord som vi synest var logiske og relevante for problemstillinga. I oppgåva var vi ute etter å finne ut korleis barnehagelæraren kan arbeide for å oppdage omsorgssvikt i barnehagen. Fyrst vart det anvendt søkjeord som *omsorgssvikt* og *omsorgsevne* for å undersøkje kor mykje litteratur vi fant på området. Vi oppdaga at det var mykje litteratur på tematikken, men ikkje så mykje knytt opp mot vår problemstilling. Det var få treff på artiklar som var fagfelleurdert da desse søkjeorda vart nytta. Vi valte derfor å kombinere søkjeorda med AND og OR, for å deretter inkludere *barn og/eller children* og andre søkjeord tilpassa til temaet. Etter ein grundig gjennomgang av korleis omgrep, ord og uttrykk som var mest hensiktsmessige, var det følgande søkjestrategi i *Tabell 1* og *Tabell 2* som vart nytta.

**Tabell 1:** Søkjestrategi

---

Barnehagelærer* OR "Kindergarten teacher*" OR "Preschool teacher"	<b>AND</b>	omsorgssvikt OR "child abuse" OR "child neglect" OR "child maltreatment"
-------------------------------------------------------------------------	------------	-----------------------------------------------------------------------------------

---

**Tabell 2:** Søkjestrategi

---

tilknytning OR tilknytingsstrategi OR « attachment theory»	<b>AND</b>	barnehagelærer* OR "kindergarten teacher*" OR "preschool teacher"	<b>AND</b>	barn* OR children*
------------------------------------------------------------------	------------	-------------------------------------------------------------------------	------------	-----------------------

---

Her følgjer ein oversikt over resultatata vi fekk ved å søkje på utvalde søkjeord gjennom Oria:

*Tabell 1:* 83 resultat

*Tabell 2:* 12 resultat

Alle søkja var avgrensa til fagfelleurderte artiklar og til dei siste 10 åra.

Slik søkjestrategien i *Tabell 1* og *Tabell 2* viser, vert orda anvendt med trunkeringsteknikken og bruk av \* etter fleire av omgrepa for å sørge for at søket dekkja fleirtalsformer og ulike former for omgrepet. Til dømes (barnehagelærer\*) gir “barnehagelærarar” og “barnehagelærarane”.

Når søkja resulterte i eit avgrensa antal treff, vart titlane lest gjennom og dei som stod fram som interessante og relevante for vår problemstilling vart lest igjennom. Artikkane som etter dette var relevante for problemstillinga, vart lasta ned og nytta i studiet. Dei valde artikkane vart nøye gjennomgått og vurdert før det vart avgjort kven som bidrog til å svare problemstillinga på best mogleg måte.

### 3.1.9 Inkluderte studiar

Med bakgrunn i utvalskriteria, litteratursøket og søkjeprosessen har desse studiane blitt inkludert til presentasjon og diskusjon for oppgåva:

**Tabell 3:** Liste over inkluderte studiar.

Forfatter(e), år og utgivar	Tittel	Formål	Metode
Stoltenborgh, Bankersman- Kranenburg, Van Ijzendoorn (2013)  Berlin/Heidelberg: Springer Verlag	<b>Artikkel 1</b>  <i>The neglect of child neglect: A meta-analytic review of the prevalence of neglect</i>	Formålet er å påpeike at omsorgssvikt mot barn er eit problem av betydeleg omfang, men verkar og å vere ein neglisjert form for mishandling i vitskapeleg forskning.	Metaanalyse

<p>Schols, de Ruiters &amp; Öry (2013)</p> <p>BMC Public Health</p>	<p><b>Artikkel 2</b></p> <p><i>How Do Public Child Healthcare Professionals and Primary School Teachers Identify and Handle Child Abuse Cases? A Qualitative Study</i></p>	<p>Formålet med artikkelen er å undersøke ulike profesjonelle yrkesgrupper erfaringa med å oppdage barn som kan være utsett for omsorgssvikt.</p>	<p>Kvalitativ metode</p> <p>Fokusgruppeintervju</p>
<p>Toros, Karmen &amp; Tiirik, Riine (2016)</p> <p>Dordrecht: Springer Netherlands</p>	<p><b>Artikkel 3</b></p> <p><i>Preschool Teachers' Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect</i></p>	<p>Formålet med artikkelen er å undersøke estiske barnehagelærarar sine oppfatningar om og erfaring knytt til barn i nød i samanheng med omsorgssvikt og overgrep.</p>	<p>Kvalitativ metode</p> <p>Fokusgruppeintervju</p>
<p>Münger, Ann-Charlotte &amp; Markström, Ann-Marie (2018)</p> <p>Umea: Routledge</p>	<p><b>Artikkel 4</b></p> <p><i>Recognition and identification of children in preschool and school who are exposed to domestic violence</i></p>	<p>Formålet er å undersøke korleis barnehagelærarar arbeider for å fange opp barn som er utsett for omsorgssvikt.</p>	<p>Kvalitativ metode</p> <p>Fokusgruppe intervju</p>

			Individuelt intervju
<p>Svensson, Birgitta, Andershed, Henrik &amp; Janson, Staffan (2015)</p> <p>Dordrecht: Springer Netherlands</p>	<p><b>Artikkel 5</b></p> <p><i>A Survey of Swedish Teachers' Concerns for Preschool Children at Risk of Maltreatment</i></p>	<p>Formålet med artikkelen er å undersøke eit problem som er knytt til barnehagelæraren sin langvarige bekymring for nokre barn sin heimesituasjon.</p>	<p>SOFIA-studie</p> <p>Ein prospektiv longitudinell studie med det overordna målet å betre forstå samanhengar, årsaker og heterogeniteten i utviklinga av barn si åtferd, sosiale tilpasningar, psykisk og fysisk helse.</p>

## 4.0 Empiri

I dette kapittelet skal vi fyrst og fremst ta føre oss kva empiri er, før vi vidare skal gå inn på kva vi har funne ut frå tidlegare forskning.

Nemninga *empiri* vert brukt om all material som er gjenstand for undersøking, og som kan refererast til. Dette er blant anna; Tekstar, observasjonar, data, kjelder, casar og teoriar. Det konkrete (empirien) gjer at teoriar ikkje blir ståande lausrivet, men at det kan skje ein integrasjon mellom teori og empiri (Rienecker & Stray-Jørgensen, 2013, s.167). Fordelar med å ha med empiri i oppgåva er til døme at problemstillinga gir seg ofte sjølv og vert konkret. Empirien kan både analyserast, drøftast og vurderast. Oppgåva sin struktur vert enklare å handtere og kunnskap vert sett i ein konkret

samanheng og endar ikkje lett opp i påstandar om det. Empiri kan både vere sitt eige, men og andre sitt (Rienecker & Stray-Jørgensen, 2013, s.168).

I vårt tilfelle vil empirien vår vere «andre sine» empiriske undersøkingar, den byggjer dermed på andre sine erfaringar og haldningar. Denne empirien saman med teori vil danne grunnlaget for vår drøfting vidare.

#### 4.1 Presentasjon av funn

Empirien vår består av desse 5 artiklane;

*The neglect of child neglect: A meta-analytic review of the prevalence of neglect.* (Artikkel 1)

*How Do Public Child Healthcare Professionals and Primary School Teachers Identify and Handle Child Abuse Cases? A Qualitative Study* (Artikkel 2)

*Preschool Teachers' Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect*  
(Artikkel 3)

*Recognition and identification of children in preschool and school who are exposed to domestic violence* (Artikkel 4)

*A Survey of Swedish Teachers' Concerns for Preschool Children at Risk of Maltreatment* (Artikkel 5)

I dette delkapittelet er formålet å identifisere, framstille og vurdere hovudfunna til dei inkluderte studiane.

#### **Hovudfunn i artikkel 1:**

Artikkelen er ein meta- analyse med til saman 69 studiar som undersøker førekomsten av omsorgssvikt i barndommen. Denne analysen bruker omsorgssvikt som eit vidt omgrep. Døme på

omsorgssvikt som vert brukt i artikkelen er barn som ikkje får tilstrekkeleg med mat, klede eller medisinsk behandling.

Studiane delte inn omsorgssvikt i to former; Aktiv- og passiv omsorgssvikt. Den aktive omsorgssvikta vil seie at omsorgspersonane utsett barnet for farlege situasjonar. Medan den passive omsorgssvikta handlar om at omsorgspersonane ikkje gir nok merksemd til barnet.

Artikkelen konkluderte med at omsorgssvikt er ei alvorleg form for barnemishandling som kan ha kortvarige og langvarige konsekvensar for barn sin utvikling.

*Kortsiktige effektar:*

Auka risiko for intern og ekstern åtferd

Mangel på ego motstandskraft

Forseinkingar i kognitiv og emosjonell utvikling

*Langtids effektar:*

Rusmisbruk

Redusert økonomisk velvære

Risikofylt seksuell åtferd

Auka risiko for posttraumatisk stresslidning

Ikkje- standar tilknytingsstil

Auka sannsyn for å bruka sosiale tenester

Auka sannsyn for å oppføre seg valdeleg

**Hovudfunn i artikkel 2:**

Forskinga undersøkte korleis lærarar arbeidar med å oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt.

Studien fortel at lærarar spelar ein sentral rolle i å oppdage, rapportere og eventuelt avdekke omsorgssviktsituasjonar. Dette på bakgrunn av at lærarar møter såpass mange barn i det daglege arbeidet sitt. Likevel fortel artikkelen at det er rapportert relativt få saker med mistanke om omsorgssvikt som er innmeldt. Funn viser til at begge faggruppene som vart intervjuet er klar over teikn og risikoar, men dei manglar likevel spesifikk kunnskap om omsorgssvikt. Lærarane fortel nemleg om manglande ferdigheitar til å kommunisere med foreldre og barnet når det føreligg mistanke om omsorgssvikt.

Vidare konkludera forfattaren med at; "Resultata som kom fram gjennom intervjuet tyder på at lærarane har behov for "fleire støttande verktøy" i prosessen for oppdaging og rapportering av overgrep mot barn".

Vi har konkludert med at sjølv om artikkelen inneheld forskning med barn på barneskulen ser vi at den er overførbar til barnehagen sine eldste barn og derfor vel vi å ta den med i funna.

### **Hovudfunn i artikkel 3:**

Rapporten viser til at barnehagelærarar har ei viktig rolle i å identifisere og melde frå om barn i nød. Likevel hadde ikkje alle dei barnehagelærarane som vart intervjuja tilstrekkeleg med kunnskap til å identifisere desse barna. Det kjem fram at barnehagelærarar treng ytterlegare kunnskap/ferdigheitar til å kunne oppdage desse barna. Artikkel forklarar og at barnehagelærarane som vert intervjuja synest det er vanskelegare å fange opp barn som vert utsett for psykisk misbruk framfor barn som vert utsett for fysisk misbruk.

### **Hovudfunn i artikkel 4:**

I denne artikkelen vart det gjennomført fokusgruppe- og individuelle intervju. Det var 11 fokusgruppe intervju og 7 individuelle intervju. I fokusgruppe intervjuja var det 7 barnehagelærarar som deltok, medan i dei individuelle intervjuja var det 5.

Studien var ute etter å finne ut korleis barnehagelærarar ser på omgrepet/uttrykket "vald i nære relasjonar". I tillegg korleis signal dei skal sjå etter hjå barn som er vitne til vald i heimen og korleis desse signala vert forstått. I artikkelen skriv forfattarane at tidlegare forskning viser til at mange barn er vitne til vald i heimen. For sjølv om vald i heimen føregår på eit "privat plan", møter barnehagelærarane desse barna kvar dag og vert dermed "konfrontert" med konsekvensane mellom heim og barnehagen.

Resultatet i studien viser til at barnehagelærarane argumenterer for at dei ikkje har nok kunnskap om fenomenet "vald i heimen" eller korleis ein identifiser symptoma eller signala barn sender ut. Vi ser på dette som omsorgssvikt, derfor meiner vi at er ein relevant artikkel å ha med i oppgåva. Da

den og omhandlar kva barnehagelæraren skal sjå etter slags teikn for å fange opp barn som er vitne til eller utsett for vald i heimen.

#### Hovudfunn i artikkel 5:

I denne artikkelen ser ein problemet som vert undersøkt ut i frå ein barnehagelærar sitt perspektiv. I studien kom det fram at når barnehagelærarane uttrykte bekymring for barn sin heimesituasjon uttrykte dei ikkje berre bekymringar for barnet si helse og utvikling, men dei rapporterte også langsiktige problem i kontakten mellom dei tilsette i barnehagen og omsorgspersonane. Det kom fram at det var ein klar samanheng mellom bekymring for heime situasjonen og behovet for spesialstøtte i barnehagen. Studien peikar på viktigeita av tidleg vurdering av barnet sin heimesituasjon for å sikre at riktig støtte vert gitt.

#### Fellestrekk i dei 5 artiklane:

Det har utpeikt seg fleire fellestrekk i artiklane. Fellestrekka er synleggjort i tabellen (tabell 4) som følgjer.

**Tabell 4:**

Artikkel	Fellestrekk				
	Manglande kompetanse	Alvorsgrada av omsorgssvikt	Omsorgssvikt som eit vidt omgrep	Vanskar med å tolke signal	Lettare å "sjå" nokre former enn andre
<i>The neglect of child neglect: A meta-analytic review of the prevalence of neglect</i>  <b>Artikkel 1</b>		X			
<i>How Do Public Child Healthcare</i>					

<p><b><i>Professionals and Primary School Teachers Identify and Handle Child Abuse Cases? A Qualitative Study</i></b></p> <p><b>Artikkel 2</b></p>	X		X	X	
<p><b><i>Preschool Teachers' Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect</i></b></p> <p><b>Artikkel 3</b></p>	X		X		X
<p><b><i>Recognition and identification of children in preschool and school who are exposed to domestic violence</i></b></p> <p><b>Artikkel 4</b></p>	X	X	X	X	
<p><b><i>A Survey of Swedish Teachers' Concerns for Preschool Children</i></b></p>	X	X		X	X

<p><b>at Risk of Maltreatment</b></p> <p><b>Artikkel 5</b></p>					
--------------------------------------------------------------------	--	--	--	--	--

## 5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil vi drøfte samanhengen mellom teori, empiri og sjå dei i lys av problemstillinga. Vi startar med å sjå på kva funn og teori seier om konsekvensar, vidare kjem vi inn på omgrepet omsorgssvikt og kva barnehagelærarane legg i dette. Dette gjer vi fordi omsorgssvikt er eit omgrep det er naudsynt at barnehagelæraren må kunne noko om for at dei skal kunne oppdage barn som vert utsett for dette. Vi ser óg på om oppveksterfaringar kan ha noko med korleis barnehagelæraren vel å definera omgrepet? Kva teikn og signal barnehagelæraren ser etter, samt kompetanseheving og observasjon.

### 5.1 Konsekvensar

I artikkelen *The neglect of child neglect: A meta-analytic review of the prevalence of neglect* står det at; "...child neglect is a problem of considerable extent, touching the lives of many children" (Stoltenborgh, Bankermans-Kranenburg & Van IJ Endooren, 2013).

Kvardagen til eit barn som er utsett for alvorleg omsorgssvikt skil seg ofte vesentleg frå den kvardagen barn som vekst opp i ein meir normalt fungerande heim opplev. Det å vekse opp med alvorleg omsorgssvikt handlar om tap av barndom. Det handlar om tapet av dei gode situasjonane ein i vaksen alder tenkjer tilbake på med glede, og som ein vidarefører til eigne barn. Regelmessige måltid der familien er samla, rutinar som påkledningssituasjon, eit stryk på kinnet, lesing på senga, bursdags- og høgtidsfeiring. Det handlar om at ein ikkje kan ta med seg venner heim fordi ein veit ikkje om den heime er til stades eller ikkje, eller om den heime er psykisk sjuk og ikkje har stått opp. Det handlar om total mangel på den forutsigbarheita barn sin utvikling er avhengig av. For mange barn handlar omsorgssvikt om å leve i frykt. Frykt for når "mamma" eller ein sjølv vert slått neste gong, eller frykt for når "pappa" skal begynne å drikke neste gong. Det handlar om å leve med eit ynskje om fortelje nokon, men aldri kunne seie noko. Når den fire år gamle jenta må hjelpe si fulle

mor i seng kvar kveld, sjekke at ho har vatn på nattbordet, bre over dyna og sløkkje lyset, da er barnet si verd snudd på hovudet (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.37).

Funn i artiklane vi har undersøkt viser til at det kan vere store konsekvensar for barn som vert utsett for omsorgssvikt. Konsekvensar som *forseinking i kognitiv og emosjonell utvikling, rusmisbruk, redusert økonomisk velvære, auka risiko for posttraumatisk stresslidning, ein ikkje-standar tilknytingsstil, auka sannsyn for å nytte sosiale tenester og auka sannsyn for å oppføre seg valdeleg* (Stoltenborgh, Bankermans-Kranenburg & Van IJ Endooren, 2013). Andre studiar visar at barn som har vorte utsett for omsorgssvikt kan ha lærevanskar og forseinkingar i språket, artikkelen seier at; “Furthermore, previous research has shown an association between child maltreatment and poor achievement in school” (McDonald et al. 2013; Woodruff and Lee 2011 i Svensson, Andershed & Janson, 2015).

Den plassen som skal vere tryggast for barn, nemleg heimen deira, vert den mest utrygge plassen å vere (Organisasjonen alternativ til vald, ATV i Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.43). Alle barn har krav på å bli tatt vare på og bli beskytta. Dette er ein av mange rettigheitar i FN sin barnekonvensjonen (Barnekonvensjonen, 2003).

Vi som jobbar i barnehagen kan ha ei avgjerande betydning for om desse barna vert oppdaga. Det er derfor naudsynt at vi har kunnskap og kompetanse nok om temaet, slik at vi kan hjelpe flest moglege barn til å gi dei den barndommen og det livet dei fortener.

For at barnehagelæraren skal kunne oppdage omsorgssvikt må dei i fyrste omgang forstå kva som ligg i omgrepet.

### 5.1.2 Kva er omsorgssvikt?

Omsorgssvikt er eit vidt omgrep som det finst fleire definisjonar på. Dette kan føre til at det er vanskeleg å vite nøyaktig kva omsorgssvikt er og kva ein skal sjå etter for å fange opp barn som vert utsett for dette. I artikkelen “*Preschool Teachers’ Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect*” av Toros & Riine (2016) vart barnehagelærarane spurd om kva dei la i omgrepet “*eit barn som veks opp i sviktande oppvekstvilkår*”. I studien kom det fram forskjellige svar, som;

*“skitten i utsjånad”, “svolten”, “fattig”, “utrygg”, “omsorgsperson sitt misbruk av alkohol”, “fysisk og psykisk mishandling av eit barn”, “mobbing”, “blåmerke”, “arr”, “ignorerer”, “seksuelle overgrep”,*

*“sosiale problem”, “skilsmisse”, “ekskludering” og “pedagogiske og spesielle behov” (Toros, K. & Tiirik, R, 2016)*

Kvello (2016) viser til at det kan vere vanskeleg å finne gode nemningar på omsorgsformer som ikkje er gode nok og at desse omgrepa ofte har ein tendens til å vere diffuse og overlappande. Dette såg vi tydeleg i artikkelen til Toros og Riine (2016), der barnehagelærarane hadde ulike syn på omgrepet.

I dei andre artiklane vi undersøkte vart dette og problematisert. Barnehagelærarane som vart intervjuja fortel at omsorgssvikt kan være eit vanskeleg omgrep å forstå og dei hevder at omgrepsforståinga er avhengig av barnehagelæraren sine egne tolkingar.

Artikkelen til Schols (2013) *“How Do Public Child Healthcare Professionals and Primary School Teachers Identify and Handle Child Abuse Cases?”* seier at; *“...læraren sin tolking av omsorgssvikt kan være til hinder for om læraren oppdagar, mistenkjer og meld frå dersom eit barn kan være utsett for omsorgssvikt”* (Schols et al., 2013)

Som barnehagelærer at det derfor viktig å arbeidet med drøfting og reflektering kring kva personalet legg i omgrepet omsorgssvikt, og korleis dei vel å definere det. For å kunne oppdage omsorgssvikt er det viktig at personalet veit kva omgrepet inneber og kva dei skal sjå etter for å kunne oppdage det. For når ein mistanke om omsorgssvikt oppstår, kan det i mange tilfelle vere vanskeleg å vite kva ein skal gjere, det er derfor viktig at barnehagelæraren er med på å auke kompetansen i personalet.

I bakgrunn av kva artiklane seier om at omgrepsforståinga ofte kan avhenge av sine egne tolkingar. Derfor for at kompetansen på korleis ein skal oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt skal hevast, trengs det ein kombinasjon av både erfaringsbasert kunnskap og teoretisk kunnskap. Dersom ein kun tek i bruk sine tidlegare erfaringar, er det stor fare for at ein ikkje klarar å oppdage eit barn som vert utsett for omsorgssvikt på ein måte ein ikkje kjenner til frå før.

### 5.1.3 Oppveksterfaringar

Funna i artikkelen viser til at barnehagelæraren sine egne oppveksterfaringar kan påverke om barnet sin omsorgssituasjon vert tolka som omsorgssvikt (Schols et al., 2013).

Dette er fordi barnehagelæraren sine egne erfaringar kan være eit referansepunkt for korleis barnehagelæraren tolkar og vurderer omsorgssituasjonen barnet har. Med utgangspunkt i sin eigen oppvekst, kan dette påverke korleis barnehagelæraren arbeider med informasjon når det vert mistenkt at barnet kan være utsett for omsorgssvikt.

Ein kan sei at eigne erfaringar blir basert på korleis, kvar og når ein vaks opp. Barnehagelæraren vil basere sine meiningar, verdiar, prioriteringar, val og avklaringar på deira eigen førforståing. Til døme vil førforståinga til menneskjer med forskjellige etnisitet og religion være forskjellig. På lik linje som nokon på 60 år vil mest sannsynleg ha ei anna førforståing enn ein ny utdanna 20 åring. Kvello (2016) skriv at *omgrepet omsorg ikkje kan verte lausriven frå den tida eller kulturen som ein lev i. Defineringa av omsorgssvikt vil derfor variere i tråd med dette* (Kvello, 2016, s.217).

#### 5.1.4 «Magekjensla»

Killén (2012) trekk fram i sin litteratur at omsorgssvikt handlar om barn som vert utsett for fysiske-, psykiske- og seksuelle overgrep, samt trekk ho fram vanskjøtsel. For omsorgssvikt handlar om mykje meir enn fysiske teikn og kva auga ser. Det kan vere snakk om ei såkalla “gråsona” og ei “magekjensle” på at eit barn ikkje har det bra heime. «Gråsone sak» kan forklarast som ein mistanke barnehagelæraren har om at eit barn ikkje har det bra heime, men at dei ikkje klarar å setja ord på kva det kan vere.

I artikkelen til Münger og Markström (2018), *“Recognition and identification of children in preschool and school who are exposed to domestic violence”* fortel barnehagelærarane at det er viktig å vurdere forandringar i barn sin oppførsel, og kva denne forandringa kan kome frå (Münger, A.C., Markström, A.M., 2018).

I likskap med denne artikkel fortel ein lærar frå intervjustudien til Schols et al. (2013):

*“I have learned over the past few years to pay more attention to the feeling that something is wrong with a child than to bruises on a child’s body. Subsequently, you have to investigate what causes this feeling of discomfort”* (Schols et al., 2013, s.6).

Claussen (2010) skriv at det er vanskeleg å seie noko generelt om kva som er årsaka til slike kjensler, slike kjensler kan ofte vere vanskeleg å definere og setje ord på. Dei kan ha sin bakgrunn i praksis- og livserfaring og det vi kan kalle intuisjon: *Eg veit ikkje kvifor, men eg føler at situasjonen ikkje er som den burde* (Claussen, 2010 s.,14). Magekjensla gjer deg bekymra, utan at ein heilt kan forklare kvifor. Magekjensla er ingen sjette sans. Det er ein meir ubevisst tolking av barnet sin åtferd. Den refererer til dei observasjonane ein gjer i barnehagen over tid og tolkinga av desse (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.29).

### 5.1.5 *Kompetanse heving i barnehagen*

For at ein skal kunne oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt i barnehagen er det naudsynt å ha eit utdanna personal. Ein må vite kva ein skal sjå etter, da dette kan vere avgjerande for å oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt (Killén, 2015). I intervjustudia til Schols et al. (2013) fortel ein barnehagelærer om eit tilfelle der åtferda til eit barn vart mistolka på grunn av manglande kunnskap, og at barnehagelæraren ikkje tenkte eller vurderte at barnet vart utsett for omsorgssvikt. Dette på bakgrunn av at dei manglar kunnskap om teikn til å identifisere omsorgssvikt (Schols et al., 2013).

“Magekjensla” kan dei fleste få. Personar som jobbar med barn vil ofte kunne få ei magekjensle av at noko er galt. Men ein kan ikkje stole på magekjensla utan at ein har noko å basere denne kjensla på. Killén (2017) skriv at det er naudsynt å omgrepsfesta kva ein har av kjensler og knyt dei opp mot den kunnskapen ein har om omsorgssvikt (Killén, 2017, s.113).

I barnehagen er det viktig med kompetanseheving på alle plan, òg knytt til omsorgssvikt. Dette finn vi tydleg igjen i artiklane vi har studert. Eit klart fellestrekk i alle artiklane er mangel på kompetanse om omsorgssvikt. Kompetanseheving kan skje på mange forskjellige måtar. Ein kan ha møter og kurs innad i personalet der ein deler tankar, erfaringar og eventuelle spørsmål. Her kan ein diskutere og reflektere over dette saman som gruppe. Den kunnskapen vi deler kan vere med på å utvikle kvarandre og oss sjølv.

I artikkelen *The neglect of child neglect: A meta-analytic review of the prevalence of neglect* (Stoltenborgh, Bankersmans-Kranenburg & Van IJ Endoreen, 2013) står det at: *“Clinical programs to support children at risk for neglect should be made available at a large scale if one wants to reach the millions of children suffering from neglect”* (Stoltenborgh, Bankermans-Kranenburg & Van IJ Endooren, 2013)

Vi har eit ansvar og for å kunne bidra til tidleg innsats, og for at barn som har behov for beskyttelse får hjelp, er kunnskap rundt omsorgssvikt viktig. Korleis skal ein elles arbeide for å oppdage barn som er utsett for omsorgssvikt dersom ein ikkje har nok kunnskap om det?

### 5.1.6 Tilknytning

I artikkelen til Schols et al., blir det funne at eit barn sin åtferd kan vere teikn både på at ein må innhente informasjon om heimesituasjon, men at ein óg må undersøkje om noko kan vere avvikande (Schols et al., 2013).

For å kunne oppdage omsorgssvikt er det nødvendig at ein har ein viss kompetanse på korleis ein kan oppdage det på barna. Ein må vere sensitiv på barna sine teikn. Det kan vere fleire måtar å oppdage dette på. Eit av desse kan vere å sjå på tilknytningsteorien som seier ein del om barnet sitt forhold til omsorgspersonen. For når tilknytninga er vellukka, søker barnet nærleik hos omsorgspersonen og om denne nærleiken vert trua blir barnet uroleg. Omsorgspersonen til barnet skal vere ein trygg base som dei kan finne tilbake til medan dei utforskar verda omkring seg (Drugli, 2017, s.44).

Barn som vert utsett for omsorgssvikt har ofte ein utrygg tilnærming til sin omsorgsperson. Som barnehagelærer har ein derfor i stor grad moglegheit til å danne seg eit inntrykk om relasjonen mellom barnet og omsorgspersonen. Dei kan observere barnet i hente- og bringe situasjonar. Der kan ein sjå om barnet viser gjensynsglede, om barnet grin eller ler, om det er ignorering frå barnet si side, eller lite glede og heller meir skuffelse.

Dersom barnet ikkje viser gjensynsglede kan det være fordi barnet har erfaringar med at omsorgspersonen ofte ikkje liker den nærleiksøkjande åtferda frå barnet, da vil barnet oppføre seg som om det ikkje har behov for denne nærleiken (Drugli, 2017, s.44). Om barnet viser denne type åtferd over lenger periode, kan ein stille seg spørsmål om dette er eit barn som har ein utrygg tilknytning til sine omsorgspersonar.

Dette finn ein igjen i tidlegare studiar, der eit hovudfokus har vore på barnehagelæraren sin evne til å kjenne att kjenslemessige omsorgssvikt i forholdet mellom omsorgsperson og barn (Lunden, 2004; Sundell, 1997; Svensson & Janson, 2008 ; BRA, 2011 i Svensson, Birgitta, Andershed, Henrik & Janson, Staffan, 2015).

*“Previous research has shown that pre-school staff most commonly recognize suspected child maltreatment through the daily contact between staff, children and parents” (Svensson, Birgitta, Andershed, Henrik & Janson, Staffan, 2015)*

Gjennom dagleg kontakt med omsorgspersonane til barnet gir det barnehagelæraren eit godt grunnlag for å danne seg eit bilete av kva som er normal “foreldreåtferd”. Arbeid i barnehagen gir grunnlaget for å etablere ei referanseramme for kva som er normal samhandling mellom barn og

omsorgspersonen deira, og kva som ikkje er det (Claussen, 2010, s.18). Barnehagelæraren sin kunnskap om barnet og samspelet mellom omsorgspersonane og barnet, er av betydeleg verdi når det skal setjast inn riktig hjelp til dei barna som treng det (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.17).

Men kva om barnet sjølv dekkjar over kva som skjer i heimen? Dette kan gjere det problematisk med å oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt.

I artikkelen *“Preschool Teachers’ Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect”* skriv Toros & Tirik (2016); “The child doesn’t talk about the abuse and parents deny and threaten the child so she/he wouldn’t say anything. Parents can be very deceitful, although they might appear reliable” (Toros, K & Tiirik, R, 2016)

Funnet i artikkelen til Toros & Tirik (2016) kan sjåast i samanheng med det vi presenterte i teoridelen vår om at omsorgssvikt kan dekkast over av både omsorgspersonane og barnet. Barna prøver ofte å skjule både for omverda og for seg sjølv kor dårleg ein har det. Dei kan vere overraskande lojale ovanfor omsorgspersonane som har svikta dei. Dei opplev ansvar for omsorgspersonane og føler ofte skuld for den omsorgssvikta som dei sjølv er utsett for (Killén, 2008, s.458). Her er det sentralt å kunne sjå etter teikn og signal for å oppdage omsorgssvikt.

### 5.1.7 Teikn og signal

Heilt frå barn kjem til verda snakkar vi og set ord på det vi gjer og kva som skal skje. Når barnet ligg på stallebordet snakkar vi med barnet om kva vi gjer heile tida. Vi fortel at vi tek av buksa, løftar på beina, tek av den våte bleia og tek på ny. Slike forklaringar er med på å gi barnet ordforståing. Barn som er utsett for omsorgssvikt får ikkje desse forklaringane. Dei manglar ord for kva dei vil sei og dei vaksne klarar ofte ikkje å oppfatte kva barnet prøver å seie eller gi av signal. Når barnet ligg i senga si om kvelden og høyrer at pappa slår mamma, er det ingen som forklarar barnet kva som skjer. Personen som utset barnet for vald eller seksuelle overgrep forklarar heller ikkje kva som skjer. Det er heller ingen som seier “no slår eg deg”. Barnet får ingen ord og omgrep dei kan bruke om det dei vert utset for (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.30-31).

På bakgrunn av dette er det naudsynt at barnehagelæraren ser etter teikn og signal hjå barn som vert utsett for omsorgssvikt. For at barnehagelæraren skal kunne «sjå» bekymringsfull åtferd må dei vite kva dei skal sjå etter og korleis signal barn viser dersom dei ikkje har det bra heime. Det er naudsynt å ha i bakhovudet at all type åtferd, både normal og avvikande åtferd, kan vere uttrykk for

omsorgssvikt, da barna som er utsett for omsorgssvikt kan uttrykke dette forskjellig. For å kunne studere utvikling og atferd ein er bekymra for, må ein observere både positiv og negativ atferd (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.24).

I motsetnad til andre fagfolk har barnehagelærarar rikeleg anledning til å observere barn sin atferd i forhold til andre barn og vaksne i naturlege og daglegdagse situasjonar. Dei kan observere barn sin utvikling, funksjon og situasjon når der gjeld fysiske trekk, motorikk, språk, evne til konsentrasjon, frustrasjonstoleranse, emosjonelle funksjon, sosial kompetanse, hygiene og så vidare (Claussen, 2010, s.18). Likevel kjem det fram i dei ulike artiklane vi har studert at barnehagelærarane føler at dei treng meir kunnskap og kompetanse på området.

Frå artikkelen til Münger og Markström (2018) står det skrive at: "... i samanheng med enkeltsaker av vald i heimen, får ikkje barn beskyttelse på bakgrunn av fagfolks underrapportering av barnemishandling" (Münger, A.C., Markström, A.M., 2018). Følgjande skriv Münger og Markström (2018) at dette er problematisk fordi det er ein sterk samanheng mellom barn som opplev vald i heimen og dei konsekvensane som kjem av det. Konsekvensar som kan påverke dei psykisk, sosialt og kognitivt i ein negativ førestand (Münger, A.C., Markström, A.M., 2018). For det å vere vitne til at mor vert utsett for vald er like skadeleg og alvorleg som om barnet sjølv er utsett. Familievalden skjer innanfor husets fire veggjar, fritt for innsyn. Valden er skjult og tilsjørt frå omverda, men for barna vert valden sentrum i deira liv (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s.42).

I studien står det også følgjande; "...it was shown that teachers are able to identify children in some kind of trouble, but that they have difficulty understanding and interpreting signals connected to domestic violence, especially regarding children witnessing domestic violence" (Münger, A.C., Markström, A.M., 2018).

Artikkelen resultera i at studiet viser at barnehagelærarar tek i vurdering at alle former for barnemishandling er svært skadeleg, men at dei synest det er særleg utfordrande å oppdage barn som vert utsett for eller vitne til vald i heimen (cf. Usakli, 2012 i Münger, A.C., Markström, A.M., 2018). For sjølv om barnet viser forskjellige symptom og teikn, er ikkje vald i heimen den fyrste moglege årsak som vert vurdert (Münger, A.C., Markström, A.M., 2018). Likevel fortel barnehagelærarane som vart intervjuat at dei prøver å vere oppmerksame på teikn og signal hjå barn som vert utsett for eller er vitne til vald i heimen viser (cf. Eriksson, Bruno & Näsman, 2013 a,b i Münger, A.C., Markström, A.M., 2018). Dei fortel at dei må vere opne for forskjellige signal barn visar, det er viktig å forstå; Barn som vert utsett for omsorgssvikt kan vise dette på forskjellige

måtar. Det som vert naudsynt er at barnehagelæraren lærer å tolke og vurdere teikn og signal frå ulike "kjelder" frå barnet. *Kva informasjon er formidla? Korleis er den formidla - som ein fortelling, eller ein spøk? Fortel barnet om ein krangel heime eller eit besøk frå politiet?*

Eit hovudfokus i tidlegare studiar har vore på barnehagelæraren sin evne til å kjenne att typiske teikn på omsorgssvikt, til døme gjennom blåmerke eller dårleg hygiene (Lunden, 2004; Sundell, 1997; Svensson & Janson, 2008 ; BRA, 2011 i Svensson, Birgitta, Andershed, Henrik & Janson, Staffan, 2015). Likevel er det ikkje alltid slik at ein kan sjå synlege teikn.

I artikkelen *"Preschool Teachers' Perceptions About and Experience with Child Abuse and Neglect"* kjem det fram att; "...emotional neglect and abuse are more difficult to identify than, for example physical abuse" (Toros & Tiirik, 2016)

Dette samsvarar med Killen (2015) sin teori (Killen, 2015, s.41). Om barnet manglar klede og er skiten, er det lettare for oss å oppdage og ta tak i det. Både fordi vi ser det, men vi har òg noko konkret når ein skal ta det opp med omsorgspersonane til barnet. Om barnet manglar kjærleik, korleis veit ein det og korleis snakkar ein om det?

Dette seier også artikkelen *A Survey of Swedish Teachers' Concerns for Preschool Children at Risk of Maltreatment* (2015) noko om;

*"Accordingly, when investigating the concern of pre-school staff for children's home situations, it seems relevant to not only focus on specific signs related to different types of maltreatment but also to include the children's health and development in a broad perspective"* (Svensson, Andershed & Janson, 2015)

Med andre ord meiner Svensson, Andershed & Janson (2015) at barnehagelæraren sin bekymring for barn som er i fare for mishandling ikkje kan avgrensast til spesifikke teikn og signal ved ulike typar overgrep. I staden burde det verte forstått ut frå langvarig bekymring for fleire aspekt ved barnet si helse og utvikling, samt langsiktige problem i kontakten mellom personale og omsorgspersonar (Svensson, Andershed & Janson, 2015).

## 6.0 Konklusjon

Formålet med denne oppgåva har vore å undersøke korleis barnehagelæraren arbeider for å oppdage barn som vert utsett for omsorgssvikt. I funnet av teori og artiklar viser det seg at omsorgssvikt er eit omgrep som er vanskeleg å definere og at sjølv barnehagelærarane har ulike syn på kva omgrepet rommar og korleis dei definerer det. Dette kan baserast på individet sine egne erfaringar og førforståing knytt til omgrepet. Korleis skal da barnehagelærarane jobbe for å oppdage omsorgssvikt når dei sjølv synest det er vanskeleg å vite kva omgrepet inneheld?

I fleire tilfelle vil personar som jobbar med barn kunne få ei magekjensle av at noko er gale. Magekjensla gjer deg bekymra, likevel kan det vere vanskeleg å setje ord på eller forklare kva som gjer ein bekymra og kvifor ein vert bekymra. Denne kjensla *kan* vere utløysaren til å oppdage barn som veks opp i sviktande oppvekstvilkår, men magekjensla er ikkje nok i seg sjølv, ein må kople denne kjensla saman med kunnskap – kunnskap om barn sin tilknytning, teikn og signal dei kan vise og omsorgssvikt generelt.

Sjølv om omsorgssvikt er eit så reelt og nødvendig tema å ha kunnskap om, uttrykte fleire av barnehagelærarane i artiklane ein usikkerheit på korleis dei kunne arbeide for å oppdage omsorgssvikt, dette på bakgrunn av manglande kunnskap og kompetanse. Arbeid med kompetanseheving om omsorgssvikt i barnehagane er derfor naudsynt for at barnehagelærarane skal ha moglegheit til å oppdage barn som veks opp med omsorgspersonar som sviktar dei.

Funna i dei ulike artiklane viser at barnehagelæraren må vere open for å sjå etter ulike teikn og signal. Ein vanleg tanke blant mange kan vere å “berre” sjå etter dei synlege teikna på barn sin kropp. I dei funna vi har gjort kjem det fram at det er like naudsynt å sjå etter åtferda til barn, korleis tilknyttingen mellom barn og omsorgsperson er, samt tilknyttinga mellom barnehagelæraren og omsorgsperson. Omsorgssvikt kan ha store konsekvensar og gi livslange skadar for barnet som vert utsett for dette. Ein kan også sei at det er viktig å ha kunnskap om dette for å redusere den samfunnsøkonomiske konsekvensen. Ved at barnehagelæraren har kunnskap om dette kan ein komme i posisjon til å oppdage desse barna.

I prosessen av å skrive denne oppgåva har vi opparbeida oss ny og naudsynt kunnskap som vi vil ta med oss vidare inn i jobben som nyutdanna barnehagelærarar. Vi har lært mykje om barn i utsette livssituasjonar både gjennom teori og i funna i artiklane. Som snart nyutdanna barnehagelærarar

føler vi at vi har vi blitt meir rusta til å oppdage desse barna, samstundes veit vi at vi aldri blir ferdig utlærde. Vi vil fortsette å auke kompetansen vår og tileigne oss meir kunnskap på området. Vi ser viktigheita av å ha tilstrekkeleg med kompetanse om dette òg ikkje minst kor reelt og sentralt det er i arbeidet med barn.

Vi ser fram i mot å bruke kunnskapen vi har opparbeida oss i arbeidslivet, samt vere med å bevisstgjere medarbeidarane våre om omsorgssvikt. Dersom vi skulle ha arbeida vidare med dette prosjektet ville vi tatt i bruk intervju som metode, i tillegg til litteraturstudie. Vi ville ha intervjuja barnehagelærarar som sjølv har erfaring med omsorgssvikt. Vi trur at ved å gjere dette ville vi fått ein breiare forståing på korleis ein barnehagelærar kan arbeida betre med å oppdage barn i svekka omsorgssituasjonar. Vi ville óg sett på fleire sider av problemstillinga, som til dømes korleis barnehagelæraren snakkar med både barn og omsorgspersonen/ane til barnet.

## 7.0 Litteraturliste

Barnekonvensjonen. (2003). *FNs Konvensjonen om barns rettigheter*. Barne- og familiedepartementet Regjeringen. Henta frå:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)

Claussen, C. J. (2010). *Det er noe med den ungen: fra bekymring til handling*. (2.utg). Oslo: SEBU Forlag.

Dalland, O. (2020) *Metode og oppgaveskriving* (7.utg). Gyldendal Akademisk.

Dommerud, T. (2013). For få barnehageansatte varsler om omsorgssvikt. *Aftenposten*. Henta frå: <https://www.aftenposten.no/norge/i/wEyGP/for-faa-barnehageansatte-varsler-om-omsorgssvikt>

Drugli, M. B. (2017) *Liten i barnehagen*. (3.utg). Oslo: Cappelen Damm AS. 3.Opplag.

Drugli, M. B. (2019) *Liten i barnehagen* (3. utg). Cappelen Damm Akademisk.

Drugli, M.B., Lekhal, R & Buøen, E.S. (2020). *Tilvenning og foreldresamarbeid*. Cappelen Damm Akademisk

Killén, K. (2015). *Sveket I: risiko og omsorgssvikt - et helseproblem og tverrfaglig ansvar*. (5.utg). Oslo: Kommuneforlaget AS.

Killén, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen: samspill og tilknytning*. (2.utg). Oslo: Kommuneforlaget

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Kvello, Ø. (2016). *Barn i risiko: skadelige omsorgssituasjoner*. (2.utg). Gyldendal Norsk Forlag AS. 3.opplag.

Kvello, Ø. (Red). (2008). *Oppvekst: om barns og unges utvikling og oppvekstmiljø*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Lilleberg, E., & Riber-Mohn, T. (2018). *Når barns atferd gjør deg bekymret*. Vigmostad og Bjørke AS Pedlex.

Münger A-C, Markström A-M. (2018) *Recognition and identification of children in preschool and school who are exposed to domestic violence*. *Educ Inq*. 9:299–315. Henta frå:

<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/20004508.2017.1394133>

Rienecker, L. & Jørgensen, P.S. (2013). *Den gode oppgave: handbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. (2.utg). Fagbokforlaget: Vigmostad & Bjørke AS. 2.Opplag.

Schols, M. W. A., de Ruiter, C. & Öry, F. G. (2013). How do public child healthcare professionals and primary school teachers identify and handle child abuse cases? A qualitative study. *BMC Public Health*, 13(1). Henta frå: <https://bmcpublichealth.biomedcentral.com/counter/pdf/10.1186/1471-2458-13-807.pdf>

Sjøvik, P. (2020). *Ein barnehage for alle: spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. (3.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Statistisk Sentralbyrå. (2023) *Barnehager: Antall barn i alderen 1-5 år som har plass i barnehage*. Statistics Norway .Henta frå: <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>

Stoltenborgh, M., Bankermans- kranenburg, M.J. & Van IJendoorn, M. (2013) The neglect of child neglect. *A meta-analytic review of the prevalence of neglect*. Vol.48 (3). Henta frå:

<https://link.springer.com/article/10.1007/s00127-012-0549-y>

Svensson B, Andershed H, Janson S. A Survey of Swedish Teachers' Concerns for Preschool Children at Risk of Maltreatment. *Early Child Educ J*. 2015; 43(6). Henta frå:

<https://link.springer.com/content/pdf/10.1007/s10643-014-0684-z.pdf>

Toros, K., & Tiirik, R. (2016). *Preschool teachers' perceptions about and experience with child abuse and neglect*. *Early Childhood Education Journal*, 44(1). Henta frå: <https://doi.org/10.1007/s10643-014-0675-0>